

Satsing i Halsabrotet og ved Haugland

09.09.2014



Vegen vert breiare ved Haugland

Det vert verkeleg satsa på opprusting både her og der i Uskedalen for tida. Mesta er igang med utbetring av fylkesvegen 100 meter ovafor Hauglandkrysset og Røsseland har sett full styrke inn langs Halsabrotet.



Halsabrotet vert rusta opp kraftig

Det som skjer på fylkesvegen er eit stort framsteg, for vegen har vore for smal og utløyst mykje rygging gjennom åra på dette punktet. No vert muren på innsida teken vekk og flytta til utsida av vegen og det vert også lagt 2 stikkrenner og skifta ut masser. Mesta håpar å gjera jobben på under ein månad.

I Halsabrotets nedre del vert alt nytt, både kloakk, vatn, spillvatn og fortau. Oppsitterane er svært fornøgde og dei som skal rykke inn i nye bustader både i dei nedre og øvre deler av området har grunn til å vera det same.

TEKST, FOTO OG NETT: Ola Matti Mathisen